

Vedtekter for lutlaget Vassenden Barnehage SA

§1 Namnet til verksemda

Namnet til verksemda er Vassenden Barnehage SA

§2 Føremål

1. Vassenden Barnehage SA er eit lutlag med skiftande medlemstal og økonomi. Laget har avgrensa ansvar. Føremålet er å eige og drive barnehage på Vassenden i Jølster, i Sunnfjord Kommune.
2. Vassenden Barnehage SA skal ikkje drive økonomisk/ foretningmessig verksemd. Laget kan likevel leige ut lokala til andelseigarar eller andre busette på Vassenden. Eventuelt overskot i laget skal setjast av for framtidige investeringar.
3. Vassenden Barnehage SA skal drive barnehage i samsvar med :
 - ” Lov om barnehagar”, og dei føreskrifter og retningslinjer som til ei kvar tid vert fastsett av departementet.
 - Kommunale føresegner for Private barnehagar
 - Vedtak på årsmøte i Vassenden Barnehage SA.
 - Årsplan og budsjett for Vassenden Barnehage SA

§3 Eigarar /opptak i barnehagen

1. Vassenden Barnehage SA er eigd av lutlaget. Alle som ynskjer /- og gjennom søknad, får plass til sine barn i Vassenden Barnehage må kjøpe ein andel for kvart barn som går i barnehagen.
2. Andelen fyljer barnet fram til skulestart, eller til føresette seier opp. Dersom det er søsken som kan overta andelen ved byrjinga av eit påfølgjande barnehageår, vert denne automatisk overdregen. Andelseigarar som vil nytte denne retten må gje melding om dette til styrar før hovudinntaket av nye born tek til.
3. Søknad om opptak i Vassenden barnehagen skal skje ved opptak for barnehagar i Sunnfjord kommune, på nettsida til Sunnfjord Kommune. Det skal først oversikt over venteliste, med dato for søknad, dersom det ikkje er ledig plass til alle søkarar.

Vassenden Barnehage SA

4. Opptak av nye barn i barnehagen skal skje etter fyljande prioritering:
 1. *Barn med nedsett funksjonsevne jf. § 13 i "Lov om barnehagar"*
 2. *Søsken til born som har plass i barnehagen*
 3. *Barn til tilsette i barnehagen*
 4. *Eldre barn går føre yngre barn*
 5. *Barn til eineforsørgjarar*
 6. *Barn på venteliste i rekkjefylje etter dato frå innført på venteliste*
 7. *Ved like forhold skal barnet sin alder gjelde, eldre barn går føre yngre barn*

§ 4 Økonomi / dugnad

1. Ein andel i lutlaget Vassenden Barnehage SA kostar kr. 1500,- og blir fastsett av årsmøtet. Andelen skal betalast før barnet startar i barnehagen, og blir sett inn på eigen konto. Summen skal betalast attende når barnet sluttar i barnehagen. Renter frå andelskonto skal gå inn i drifta av barnehagen. Pengar som står på andelskontoen kan ikkje brukast utan særskilt samtykkje av årsmøtet.
2. Vassenden Barnehage føl dei til ein kvar tid gjeldande satsar for foreldrebetaling fastsett av Regjeringa.
3. Dei til ein kvar tid gjeldande satsane framgår av oppslag i barnehagen, og alle andelseigarane blir varsla med skriv ved endringar. Det skal betalast for – 11 – elleve månader, juli er betalingsfri månad. Ved fråvær må plassen likevel betalast, unntak kan gjerast i styret ved særskilde høve.
4. Betaling av opphaldspengar skal skje ved autogiro, og vere på barnehagen sin konto innan den 15. kvar månad.
5. Dageleg leiar er ansvarleg for at Vassenden Barnehage SA blir driven etter budsjett som er godkjend av årsmøtet.
6. Kvar andel pliktar å yte 7,5 timar dugnad pr. barnehageår. Andelseigarar med fleire andelar har ei øvre grense på 18 dugnadstimar. Andelseigarane vert belasta med kr. 400,- per dugnadstime som ikkje er utført ved slutten av barnehageåret.(sommar) Ved manglande betaling, vert beløpet innkrevja ved inkasso etter to påminningar. Faste styremedlemmar er fritekne for dugnadsarbeid kommande barnehageår. (15. august – 15. august) uavhengig av tal på andelar. Dugnadsansvarleg får godskrive dugnad året etter. Medlemmane av eit valt Samarbeidsutvalet (SU) får godkjent 4 timar dugnad. Valnemnd får godskrive 2 timar dugnad. Vara får godskrive etter skjønn.

§ 5 Opningstider/ Ferie

1. Barnehagen er open 5 dagar i veka frå klokka 06.45 – 16.45
2. Barnehagen har stengt på offentlege helge- og høgtidsdagar .Onsdag før skjærtorsdag er barnehagen open til kl. 12.00 I romjula er det krav om at det er minst 5 barn med behov for opphald i barnehagen, ved eit lågare tal barn vil det bli stengt. Julaftan og Nyttårsaftan er barnehagen stengt.
3. Barnehagen er i full drift heile året.
4. I løpet av året er barnehagen stengt 5 dagar for kurs og planleggingsforemål. (utgjør 1 ferieveke.) Alle barn skal ha minst 25 dagar ferie (5 veker), der av 3 veker samanhengande i perioden veke 25 - 32 Siste veka er valfri. Føresette skal innan 1. mai melde frå kva tid barnet skal ha ferie. På dette grunnlaget utarbeider styrar ferieliste for dei tilsette og driftsplan for barnehagen for sommaren.

§6 Mat

1. Barnehagen serverar alle måltid i løpet av barnehagedagen.
2. Borna skal få brødmåltid med mjølk til frukost.
3. Borna skal få minst eit varmt måltid pr. veke
4. Borna skal få frukt og knekkebrød på ettermiddagen.

§7 Mynde og ansvar

1. Årsmøtet

Årsmøtet er også foreldreråd, og laget si øvste myndigheit. Ordinært årsmøte skal haldast innan utgongen av mars månad, og vert innkalla per brev til alle andelseigarar registrert per 15. februar. Ved innkallinga skal det leggest ved sakliste. Styret kan kalle inn til ekstraordinært årsmøte dersom det er behov for det. Styret skal då prøve å halde seg til innkallingsfristen på 14 dagar. Dersom ¼ av andelseigarane krev det skal styret kalle inn til ekstraordinært årsmøte.

Årsmøtet skal handsame:

1. Godkjenning av årsmelding og rekneskap
2. Gjennomføre val som bestemt i § 7.2
3. Ta stilling til andre saker som står på saklista.

Årsmøtet blir leia av styreleiar.

Vassenden Barnehage SA

Alle vedtak som gjeld endring av vedtektene må ha 2/3 fleirtal, alle andre saker blir avgjort med simpelt fleirtal. Ein andelseigar kan gje si stemme til ein frammøtt andelseigar. Overføring av stemmerett skal skje skriftleg og leggjast fram for årsmøtet ved møtestart.

2. Styret

Laget skal leiast av eit styre med 4 medlemmar frå andelseigarane; styreleiar, kasserar, sekretær, og dugnadsansvarleg, samt dagleg leiar, og 2 representantar for dei tilsette. Styremedlemmane blir valt for to år om gongen av årsmøtet, med unntak for den dugnadsansvarlege som blir valt for eit år om gongen. Styremedlemmane frå andelseigarane har stemmerett, dagleg leiar og representantar for dei tilsette har talerett, men ikkje stemmerett. Styreleiar har dobbelrøyst ved likt røystetal. Styreleiar og eit medlem i eigarstyret har signaturen til laget. Dageleg leiar er gjeven prokura. Årsmøtet skal velje revisor for to år. Årsmøtet skal velje to varamedlemmar for styret for to år. Styret skal føre referat frå alle styremøta, og sende ut redigert referat til andelseigarane Dageleg leiar eller styreleiar kallar inn til styremøte når dette er naudsynt.

3. Dageleg leiar

Dageleg leiar har ansvar for den dagelege drifta av barnehagen, både med omsyn til arbeidsplanar, overordna ivaretaking av tryggleik for økonomisk drift. Dette er regulert i stillingsbeskrivingar for dageleg leiar. Styret er også ansvarleg for utarbeiding av budsjettforslag og gjennomføring av budsjettrevisjon etter behov. Dageleg leiar skal føre kontroll med overføring av månadsbetaling frå andelseigarane og sende purring, med gjenpart til kasserar ved for sein betaling.

4. Tilsette

Alle tilsette i barnehagen er personleg ansvarlege for at tryggleiksrutinar bestemt av styret blir fylgt både av føresette, andre vaksne og barn som oppheld seg innanfor barnehagen sitt område. Dei tilsette i barnehagen må ikkje ta med borna i eigen bil eller offentleg transportmiddel utan løyve frå føresette

5. Andelseigarar

Alle andelseigarar er ansvarlege for at betaling for deira barn er innsett på barnehagen sin konto innan den 15. i kvar månad. Ved for sein betaling og mottak av purring skal summen overførast umiddelbart, eller søknad om utsetjing sendast barnehagen.

Dersom dette ikkje er utført innan fristen i purringa, blir plassen i barnehagen automatisk oppsagt, og andelssum med fråtrekt skuldig beløp blir overført. Eigendelar som barna har med frå heimen har personalet ikkje ansvar for. Den som fyljer barne til barnehagen må ikkje forlate barnet før ein har vore i kontakt med personalet.

Dersom andre skal hente barnet, skal dette avtalast med personalet

§8 Sjukdom

1: Om barnet er sjukt eller har fråvær av andre grunnar, skal dette meldast til barnehagen. Uregelmessig frammøte kan medføre at barnet misser plassen i barnehagen

2: Er barnet sjukt, skal det vere heime grunna smittefaren.

3: Dersom barnet ikkje kan vere med på uteaktivitetar som dei andre borna, skal barnet haldast heime.

4: I tvilstilfelle avgjer dagelegleiar/ pedagog på avdeling, om barnet kan vere i barnehagen. Dageleg leiar/ pedagog, kan ringe føresette dersom barnet ikkje bør vere i barnehagen.

§9 Ikrafttreding

Desse vedtektene trer i kraft etter vedtak på årsmøte 23.mars 2021, og erstattar Vedtekter datert 22. mars 2011

Jeanette Engen

Styreleiar